

Saksprotokoll 16.09.2020 - hovudutval for næring

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Oppgåver knytt til tilskotsordningar
Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretekne gjennom tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølvstendig at midlane vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene
2. Kompetansekartlegging
Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høyringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleiinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskriftfeste fleire kompetansekriterier.
3. Permisjon ved fødsel og adopsjon
Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet
4. Norsksmål for deltakarar som går i grunnskule
Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk vert erstatta med tidlegare krav om deltaking i eit visst tal timar opplæring i norsk. Norsk målet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakaren
5. Kompetansekrav for lærarar
Vestland fylkeskommune støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetjing etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktsmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivareteken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.
6. Registrering av opplysningar om karriererettleiing og fråvær
Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Registreringa bør gjerast i dei systema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»
7. Opplysningar om ta gjennomførte timar opplæring i norsk
Vestland fylkeskommune viser til punktet «norsksmål for deltakarar som går i grunnskule» over. Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomføre timar i norsk.